

ÅRSMELDING 2016

SELSKAPET SITT FØREMÅL

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS (ÅRIM) er eigd av kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog, Ålesund, Vestnes, Sandøy, Stordal, Norddal, Stranda og Sykkylven. Eigarane heftar for disposisjonane til selskapet i forhold til innbyggjartalet i kvar kommune. Selskapet sin administrasjon ligg på Moa i Ålesund kommune.

ÅRIM utfører dei lovpålagde oppgåvene medlemskommunane har innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål. Selskapet gir tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskeleg og økonomisk forsvarleg. Selskapet legg vekt på miljøvennleg drift i alle ledd i avfallsbehandlninga. Selskapet tek sjølv avgjerd om i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap eller private næringsdrivande. ÅRIM er eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane, og driv eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvennleg avfallsbehandling.

AKTIVITETEN I 2016

Selskapet har ansvar for innsamling av restavfall, papir og plastemballasje frå alle hushaldskundar i regionen. Innsamlinga blir i hovudsak utført av RenoNorden AS. Selskapet har også ansvaret for innsamling av slam frå separate avløpsanlegg i regionen. Dette arbeidet blir utført av Miljøservice AS. ÅRIM har dessutan ansvaret for innsamling av glas- og metallemballasje frå om lag 100 returpunkt i regionen. Innsamlinga av glas- og metallemballasje blir utført av Stranda Gjenvinning & Transport AS.

ÅRIM hadde også ansvaret for ti bemanna miljøstasjonar i Ålesundregionen. To av stasjonane blir drivne med eigne tilsette, på dei øvrige stasjonane har ÅRIM avtalar med eigarkommunar eller private verksemdar om drifta. Det er felles retningslinjer for levering i alle eigarkommunane, alle innbyggjarane i ÅRIM kan levere avfall til alle miljøstasjonane. Alle hushaldsabonnentar har fått tilsendt eit miljøstasjonskort som gir rett til fri levering av ei avgrensa mengde avfall til sortering. For levering ut over denne kvota blir det kravd inn betaling.

ÅRIM har i 2016 hatt ansvaret for heile kundeforholdet for renovasjons- og slamabonnentane i Sandøy kommune og Skodje kommune. Det er ÅRIM som sender ut faktura for renovasjon og slamtømming til kundane, og som er ansvarleg for innfordring. Som ein del av dette har selskapet også ansvaret for forvaltning av sjølvkostfonda innan hushaldsrenovasjon og slam.

ÅRIM utfører renovasjonstenester for mange av verksemdene til eigarkommunane, i tillegg til at selskapet utfører renovasjonstenester for enkelte andre verksemdar som har renovasjonsavtale med eigarkommunane. Når ÅRIM utfører denne type oppgåver for eigarkommunane, blir det rekna som at kommunane utfører arbeidet i eigenregi; prisen ÅRIM fakturerer reflekterer dei kostnadene selskapet har ved å utføre tenestene.

ÅRIM leverte i 2016 eit tredelt tilbod til kommunane sine verksemdar; henting av avfall, drift av miljøstasjonar der verksemdene kan levere avfall, samt innsamling og behandling av slam frå verksemdar med separate avløpsanlegg.

FRAMTIDSUTSIKTER

ÅRIM sitt mål er å drive så kostnadseffektivt som mogleg, samtidig som selskapet tek miljøomsyn. Det viktigaste for å få på plass dette er at oppgåver blir gjort ein gong på ein stad, å ha gode støttesystem, likt tenestetilbod og fokus på hovudtenestene.

Styret i ÅRIM foreslo i 2016 strategi for ÅRIM for perioden 2017 – 2025. Som ein del av strategien blir det foreslått å innføre henteordningar for matavfall og for glas- og metallemballasje. Målsettinga med strategien er å oppfylle dei nasjonale måla om at 50 % av avfallet i 2020 skal gå til materialgjenvinning og gjenbruk. Forslaget til strategi blir behandla av eigarane i 2017.

RESULTAT OG UTVIKLING

Inntekter

Selskapet hadde totalt inntekter på 115 861 805 kroner i 2016 mot 105 855 306 kroner i 2015. Av inntektene kom 84 958 051 kroner frå hushaldsrenovasjon og slamtømming som eigarkommunane fakturerer abonnentane i 2016. I tillegg var finanspostane positive med 997 867 kroner.

Kostnader

Driftskostnadane for året var 106 940 766 kroner, mot 101 372 634 kroner i 2015. Varekost (innsamling, gjenvinning, sluttbehandling og materiell) var på 72 733 471 kroner. Kostnadane til løn og honorar var 15 910 340 kroner, mot 13 647 014 kroner i 2015.

Resultat

Resultat er 9 134 707 kroner etter skatt, mot 4 658 934 kroner i 2015. Budsjettert resultat var på 909 585 kroner.

Investeringar

Selskapet investerte for totalt 1 974 985 kroner i 2016. Dette er i hovudsak innsamlingsutstyr og utstyr til bruk på miljøstasjonane. Det blei ikkje tatt opp lån i 2016 for å finansiere dette.

Likviditet

Likviditeten i selskapet var god i 2016. I 2017 er det budsjettert med underskot. Likviditeten i 2017 er likevel venta å vere tilfredstillande.

Næringsverksemd og skatt

Resultatet for næringsverksemda var i 2016 før skatt 3 122 478 kroner. Etter skatt var resultatet 2 338 279 kroner.

Analyse

Resultatet for selskapet er betre enn budsjett. Dette skuldast fleire forhold.

Inntektene er om lag 3,6 millionar kroner høgare enn budsjett. Dette skuldast i hovudsak 2,5 millionar kroner meir i næringsinntekter. Inntektene på hushaldsrenovasjon var 1,4 millionar kroner høgare enn budsjett, medan inntektene på slam var 0,3 millionar kroner under budsjett.

Varekosten var 2,3 millionar kroner under budsjett. For næringsrenovasjon er det 1,2 millionar kroner over budsjett. Dette skuldast først og fremst at selskapet i første kvartal hadde fleire tømningar enn budsjettert. Slam er 0,5 millionar kroner under budsjett. Dette skuldast færre tømningar enn budsjettert. For hushaldrenovasjon er varekost 3,0 millionar kroner under budsjett. Ein inngått kontrakt til ein verdi på 2,5 millionar kroner blei terminert på slutten av året og det planlagde kjøpet blei dermed utsatt.

Personalkostnadene og driftskostnadene er 2,0 millionar kroner under budsjett. Løn er 0,2 millionar kroner under budsjett, Det er eit meirforbruk på 1,7 millionar kroner på lokale. Grunnen er at alle avtaler for miljøstasjonane ikkje var klare før i slutten av 2015. Kontorkostnader er 1,1 millionar kroner under budsjett, for dei øvrige postene er det mindre avvik.

Netto endring i kontantstrøm i løpet av året er 17,3 million kroner. Det er eit resultat på 19,6 million kroner frå operasjonelle aktivitetar, 2,0 million kroner er brukt på investeringar. Frå finansieringsaktivitetane er det ein effekt på -0,3 million kroner.

SJØLVKOST

Dei lovpålagte oppgåvene ÅRIM utfører på vegne av kommunane; innsamling av hushaldsavfall og tømning av separate slamanlegg skal utførast til sjølvkost. Det betyr at abonnentane skal betale det det kostar å produsere tenesta. Selskapet skal ikkje tene pengar, eller tape pengar, på tenestene.

Sjølvkostresultatet blir berekna etter reglar for berekning av kommunale gebyr. Desse reglane avvik frå rekneskapsresultatet for tenestene. Sjølvkostresultatet blir overført til utjammingsfond og sjølvkostfond. Differansen mellom sjølvkostresultat og rekneskapsresultat desse blir tilført, eller trekt, frå annan eigenkapital. Det er ikkje lov å bruke sjølvkostmidlar til andre oppgåver, det er heller ikkje lov å subsidiere sjølvkosttenester med andre midlar. Selskapet må ha eigenkapital til å dekke differansar mellom sjølvkost og rekneskapsresultat. Desse differansane kan vere både positive og negative. I 2016 overtok ÅRIM ansvaret for sjølvkostfonda i Skodje- og Sandøy kommune. Midla som stod på desse fonda blei overført til selskapet.

Sjølvkostresultatet for renovasjon var 4 704 329 kroner i 2016 mot 1 115 266 kroner i 2015.

Differansen mellom rekneskapsresultatet og sjølvkostresultatet i 2016 var 482 701 kroner.

Sjølvkostresultatet for slam var 1 517 454 kroner i 2016 mot 205 066 kroner i 2015. Differansen mellom rekneskapsresultatet og sjølvkostresultatet i 2016 var 91 942 kroner.

NÆRINGSVERKSEMD

ÅRIM skil mellom tenester som er sjølvkosttenester (tenester til handtering av hushaldsavfall og slam) og tenester som ikkje er sjølvkosttenester. Det skal ikkje vere noko kryssubsidiering mellom dei ulike tenestene. For ÅRIM er ikkje renovasjon og slamtømning til næringskundar ein del av sjølvkosttenestene. Resultatet for næringsverksemda er skattepliktig. Der inntekter og kostnadar ikkje kan førast direkte til ei av tenestene blir dei fordelte basert på nøklar. Nøklane er mellom anna basert på basert på kor mange og kor store behaldarar selskapet har tømt, talet på kundar og administrasjonen sin tidsbruk. ÅRIM si næringsverksemd er i hovudsak innsamling av næringsavfall i eigenregi, innsamling av næringsavfall på vegner av kommunane, miljøstasjonstenester, tømning av slamtankar og sal av avfallsfraksjonar. Selskapet driv ikkje aktivt marknadsarbeid mot næringskundar. Frå og med 2016 er separate avløpsanlegg som er del av næringsverksemd skild ut frå andre slamanlegg og overført til selskapet si næringsverksemd. I økonomiplan for åra framover ligg det ikkje inne ei auka satsing på tenester til næringskundar.

FINANSIELL RISIKO

Den finansielle risikoen som følgje av renteendringar er låg. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet har auka i løpet av året. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet er tilfredstillande til å handtere dei oppgåvene selskapet utfører. Eigenkapitalen og likviditeten i selskapet er likevel ikkje stor nok til å kunne handtere vesentlege negative sjølvkostfond. Sidan kostnadane til eigarkommunane vil vere baserte på sjølvkost, vil risikoen knytt til framtidige resultat i ÅRIM vere liten. Ved endringar i rentenivå og likviditetsbeholdninga kan det oppstå differansar mellom sjølvkostrekneskap og rekneskapsresultat som må dekkast av eigenkapitalen i selskapet. Eigenkapitalen i selskapet vil mest sannsynleg kunne dekke denne risikoen i økonomiplanperioden. Kredittrisikoen er liten ettersom ÅRIM har mange kundar og kvar kunde er ein liten del av omsettinga.

MARKNADSRISIKO

ÅRIM sine kostnadar og inntekter er, i tillegg til utviklinga i konsumprisindeksen og transportindeksane til Statistisk Sentralbyrå, også avhengig av råvareprisen på avfall, valutakursar og råvareprisar. ÅRIM ser det likevel ikkje som nødvendig å gjere ekstraordinære sikringar av desse.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

I 2016 har om lag halvparten av dei tilsette i ÅRIM gjennomført fagbrevkurs og teke eksamen i gjenvinningsfaget. Praktisk prøve blir gjennomført våren 2017.

ÅRIM har, saman med andre avfallsselskap i Møre og Romsdal, eit samarbeid med NTNU si avdeling i Ålesund. Målsettinga er å leggje til rette for meir avfallsfag i høgare utdanning, særleg innan ingeniørfaga, samt å gi tilsette i avfallsbransjen tilgang til etter- og vidareutdanningstilbod med høg kvalitet.

SAMFUNNSANSVAR

ÅRIM har innarbeidd omsynet til menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og arbeid mot korrupsjon i alle kontraktar selskapet inngår. Selskapet følgjer kontinuerleg opp avvik i eiga verksemd, og det er etablert oppfølging av leverandørane til selskapet med sikte på å få lukka alle avvik.

YTRE MILJØ

Selskapet arbeider systematisk for å redusere miljøbelastninga på tre felt:

1. Ved å gi innbyggjarane i Ålesundregionen eit best mogleg tilbod, for dermed å auke mengdene avfall som går til gjenvinning.
2. Ved å stille strenge krav til leverandørane om å ta miljøomsyn ved gjennomføringar av aktivitetar for ÅRIM.
3. Ved å arbeide for å redusere miljøbelastninga drifta av selskapet gir.

ÅRIM blei sertifisert som Miljøfyrtårn i mars 2016. Dette er ei frivilleg ordning med ekstern sertifisering.

Selskapet har i 2016 foreslått ein strategi for å sikre at meir av avfallet selskapet handterer går til materialgjenvinning og gjenbruk. Som ein del av strategien skal selskapet også arbeide meir systematisk med avfallsforebygging.

ARBEIDSMILJØ OG VERNEARBEID

ÅRIM er knytt til ei verne- og helseteneste. Det er utarbeid ein handlingsplan for HMS-arbeid i ÅRIM med vekt på å førebygge sjukdom og auke trivsel.

Det er gjennomført ulike former for HMS-opplæring i selskapet i 2016, og i 2016 oppretta ÅRIM eige arbeidsmiljøutval. Ved framlegginga av årsrekneskapet blir arbeidsmiljøet vurdert som tilfredsstillande.

Det blei i løpet av 2016 registrert 2 personskader som førte til sjukmelding.

PERSONAL

Ved utgangen av 2016 var det 23 tilsette i selskapet, 15 menn og åtte kvinner. Totalt hadde selskapet 27,7 årsverk i 2016, dette inkluderer midlertidig tilsette. Sjukefråværet i 2016 var 446 arbeidsdagar, eit fråvær på 8,8 prosent. Langtidsfråværet (over 14 dagar) utgjer 83 prosent av fråværet i ÅRIM.

LIKESTILLING

Styret har i 2016 hatt fire menn og tre kvinner. Leiargruppa i ÅRIM har fire menn og ei kvinne. Selskapet sin personalpolitikk er kjønnsnøytral. Det er ikkje planlagt eller sett i verk tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling. Det har ikkje kome tilbakemeldingar på at nokon opplever selskapets personalpolitikk som kjønnsdiskriminerande.

REPRESENTANTSKAP OG STYRE

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Totalt er det seksten medlemmar frå dei tolv eigarkommunane. Representantskapet hadde 2 møte i 2016. Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret hadde 7 møte i 2016 og behandla totalt 57 saker. I tillegg arrangerte styret ein studietur til Romerike for medlemmene i representantskapet.

FORTSATT DRIFT

Etter styret si vurdering gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med notar eit rett bilete av verksemda sitt resultat for 2016, og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Det har ikkje kome fram tilhøve eller hendingar etter avslutninga av rekneskapen som får innverknad på denne vurderinga. Styret stadfestar at føresetnadane for framleis drift av selskapet er til stades ved framlegging av årsrekneskapen.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERING

Resultatet på 9 134 707 kroner fordelast på 5 749 537 kroner til utjammingsfond, 472 246 kroner til sjølvkostfond og 2 912 923 kroner på annan eigenkapital. Av det som er overført til utjammingsfond er 4 403 656 kroner knytt til renovasjon og 1 345 881 kroner knytt til slam. Totalt er utjammingsfondet for renovasjon 16 032 273 kroner og for slam 3 706 168 kroner ved utgangen av året. Sjølvkostfond for Sandøy er 259 110 kroner for slam og -264 904 kroner for renovasjon ved utgangen av året. Sjølvkostfond for Skodje er 509 679 kroner for slam og 1 535 681 kroner for renovasjon ved utgangen av året. Utjammingsfond og sjølvkostfond er over-/underskot for sjølvkosttenestene renovasjon og slam. Dette er abonnentane sine pengar og skal tilbakebetalast til abonnentane. Tilbakebetalinga skjer ved å justere prisen selskapet krev for dei ulike tenestene.

Styret vil takke dei tilsette for stor innsats i det året vi har lagt bak oss.

Ålesund, 15. mars 2017

Reidar Andresen
(styreleiar)

Linda Strand Kjerstad
(nestleiar)

Bente Bruun

Ingmund Alvestad

Monica Busengdal

Sveinung Valderhaug

Knut Flølo

Øystein Peder Solevåg
(dagleg leiar)

ÅLESUNDREGIONENS INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS

RESULTATREKNESKAP

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2016	2015
Driftsinntekter			
Driftsinntekter		115 861 805	105 855 306
Sum driftsinntekter		<u>115 861 805</u>	<u>105 855 306</u>
Driftskostnader			
Varekostnader		72 733 471	71 415 780
Lønninger, honorar, arbeidsgiveravgift	1,2	15 910 340	13 647 014
Avskrivninger	4	1 653 564	1 445 343
Andre kostnader	5	16 643 390	14 864 497
Sum driftskostnader		<u>106 940 766</u>	<u>101 372 634</u>
Driftsresultat		<u>8 921 039</u>	<u>4 482 672</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekter		1 191 746	1 241 139
Rentekostnader		193 879	139 147
Netto finansposter		<u>997 867</u>	<u>1 101 992</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>9 918 906</u>	<u>5 584 664</u>
SKATTEKOSTNAD			
Betalbar skatt		812 659	929 500
Endring utsett skatt		-28 460	-3 770
Sum skattekostnad	3,9	<u>784 199</u>	<u>925 730</u>
ÅRSRESULTAT		<u>9 134 707</u>	<u>4 658 934</u>
OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR			
Overføringer annan eigenkapital	10	2 912 923	3 338 605
Overføringer bundne fond	10	6 221 784	1 320 330

ÅLESUNDREGIONEN INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS

BALANSE pr. 31.12

	Note	2016	2015
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Utsett skattefordel	3,9	47 470	19 010
Driftsløsøre, inventar	4	7 988 800	7 667 381
Eigenkapitaltilskot KLP		19 461	10 907
Sum anleggsmidler		<u>8 055 731</u>	<u>7 697 298</u>
Omløpsmidlar			
Fordringar			
Kundefordringar	6	2 589 865	4 209 992
Opptente ikkje fakturerte inntekter		4 379 119	2 099 000
Tilgode meirverdiavgift		5 621 430	4 683 115
Andre kortsiktige fordringar		236 818	2 374
Sum fordringar		<u>12 827 232</u>	<u>10 994 481</u>
Bankinnskot	7	55 982 728	38 666 233
SUM EIGEDLAR		<u>76 865 691</u>	<u>57 358 012</u>
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten egenkapital		500 000	500 000
Annan eigenkapital		12 784 140	9 871 217
Utjammingsfond		19 738 440	13 988 902
Sjølvkostfond		2 039 567	1 053 169
Sum eigenkapital	10	<u>35 062 147</u>	<u>25 413 288</u>
Avsetning forpliktingar			
Pensjonsforpliktelse	2	1 125 425	444 335
Gjeld			
Lån Kommunalbanken	8	10 986 000	12 360 000
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		20 483 328	10 354 516
Betalbar skatt	9	812 724	929 500
Forskot frå kundar		80 000	773 517
Offentlige avgifter		924 944	1 039 402
Påløpne honorar og feriepengar		1 731 698	1 332 623
Påløpt rente		43 569	46 131
Annan kortsiktig gjeld		5 615 856	4 664 699
Sum kortsiktig gjeld		<u>29 692 119</u>	<u>19 140 388</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>76 865 691</u>	<u>57 358 012</u>

ÅLESUNDREGIONEN INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS

Ålesund 15. mars 2017

Reidar Andresen
Styreleiar

Linda Strand Kjerstad
Nestleiar

Bente Bruun
Styremedlem

Ingmund Alvestad
Styremedlem

Sveinung Valderhaug
Styremedlem

Monica Busengdal
Styremedlem

Knut Flølo
Styremedlem

Øystein Peder Solevåg
Dagleg leiar

KONTANTSTRAUMANALYSE

Per 31.12.	Note	2016	2015
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skattekostnad		9 918 906	5 584 660
Periodens betalte skatt		-929 435	-1 071 427
Ordinære avskrivningar		1 653 564	1 445 344
Endring kundefordringar		1 622 425	-2 858 485
Endring leverandørgjeld		10 128 812	2 105 963
Forskjellar i pensjonsmidlar/-forpliktingar		681 090	73 633
Endring i andre tidsavgrensingspostar		-3 451 439	-1 021 201
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktivitetar	A	19 623 923	4 258 487
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar			
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidlar		-1 974 983	-2 931 554
Utbetalinger ved kjøp av andre investeringar		-8 554	-4 477
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	B	-1 983 537	-2 936 031
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar			
Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld		0	6 440 000
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-1 374 000	-730 000
Utbetalinger ved nedbetaling av kortsiktig gjeld		535 958	4 246 095
Netto endring i kassekreditt			0
Innbetaling eigenkapital (sjølvkostfond)		514 152	0
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	C	-323 890	9 956 095
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	A+B+C	17 316 496	11 278 551
Kontantar og kontantekvivalentar 01.01.		38 666 233	27 387 679
Kontantar og kontantekvivalentar 31.12.		55 982 728	38 666 233

NOTAR TIL REKNESKAPEN 2016

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med regnskapsloven og god reknekapsskikk, herunder norske rekneskapsstandardar.

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med reglar for øvrige foretak.

Inntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.

Tenester blir inntektsført i takt med at dei blir utført.

Inntektsføring av lovpålagte tenester med årleg gebyr, der selskapet fakturerer dette direkte til abonnentane, blir inntektsført i perioden det er fakturert.

Offentlege tilskot

Tilskot som kan henvisast til spesifikke driftskostnader er behandla som kostnadsrefusjon.

Selskapet har ikkje motatt offentlege tilskot i 2016.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år.

Omløpsmiddel blir vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Første års avdrag på langsiktig gjeld og langsiktige fordringar klassifiserast likevel ikkje som kortsiktig gjeld og omløpsmiddel.

Innkjøpskost

Innkjøpskost for eigedelar omfattar kjøpesummen for eigedelen, med frådrag for rabattar og liknande og med tillegg for kjøpsutgifter.

Kostnader for tilpassing av eigedelen er også inkludert.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir balanseført og avskrive lineært over driftsmiddelet si forventa levetid.

Anleggsmiddel blir nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vere forbigående.

Anleggsmiddel som ikkje lenger er i bruk blir nedskrive til null.

Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført løpande under driftskostnader.

Påkosting eller forbetring blir lagt til driftsmiddelet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet.

Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/betring blir rekna i forhold til driftsmiddelet sin stand på kjøpstidspunktet.

Leigeavtaler

Leigeavtaler er behandla som operasjonelle leigeavtaler. Den vesentlege økonomiske risiko og kontroll er ikke overflytta til selskapet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen, til pålydande, etter frådrag for avsetning for forventa tap.

Avsetning til tap, gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Kontantstrømpstilling

Kontantstrømpstillingen er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalenter omfattar bankinnskott.

Skatt

Selskapet si verksemd er i utgangspunktet ikkje skattepliktig, men næringsverksemda innan renovasjon inkluderer eigne næringskundar, samt næringskundar som ÅRIM handterer på vegne av kommunane. Som følgje av at det også drivast næringsverksemd oppstår skatteplikt for denne delen av verksemda. Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både perioden sin betalbarskatt og endringar i utsett skatt. Utsett skatt blir berekna med 24 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier. Netto utsett skattefordel blir balanseført i den grad det er sannsynlig at denne kan bli nytta.

I rekneskapen til ÅRIM blir det skilt mellom kostnader og inntekter for tenestene slamtømming, hushaldsrenovasjon og næringstenester.

Det blir utarbeidd resultatrekneskap og balanse for ÅRIM, samt tenesteresultat for dei tre tenestene.

Inntekter og varekostnader blir i hovudsak ført på eigne konti for slam, hushaldsrenovasjon og næringstenester.

Inntekter og kostnader som ikkje kan knyttast direkte til ei av tenestene blir fordelt på fordelingsnøklar.

Grunnlaget for fordelingsnøklane skal vurderast og oppdaterast årleg. Dette blir gjort i samband med budsjettprosessen.

Sjølvkost

Årim nytter kalkulatoriske kostnader i berekninga av endring i utjamningsfond og sjølvkost.

Prinsippendringar

Det er ikkje endringar i sammenlikningstal.

Noter 2016

Note 1 - Lønskostnader

	I år	I fjor
Løn og feriepengar	11 322 584	9 844 398
Honorar til styret/valgkomite	434 400	642 400
Arbeidsgivaravgift	1 828 556	1 662 840
Pensjon, gruppeliv og yrkesskade	1 859 664	1 082 941
Annan personalkostnad	465 136	414 434
Sum	15 910 340	13 647 014

Ytingar til leiande personar

	Dagleg leiar	Styreleiar	Styret	Representant- skap	Valkomite	Klageutval
Løn/honorar	805 561	84 800	374 000	0	37 400	0
Ytingar til pensjonsordning	61 735	0				
Andre godtgjersle	4 392	23 000	23 000			
Sum	871 688	107 800	397 000	0	37 400	0

Alle ytingane gjeld ytingar som er utbetalt i 2016. Dagleg leiar har inga etterlønsavtale utover oppseiingstid på 3 månader. Styreleiar har inga avtale om etterløn.

Verken dagleg leiar eller styreleiar har avtalar om bonusordning. Styreleiar har motteke 107 800 kroner i 2016.

Av dette er 23 000 kroner for kompensasjon for tapt arbeidsforteneste i 2016.

Selskapet har ikkje aksje- og opsjonsordning retta mot tilsette, det er heller ikkje planar om dette.

I revisjonshonorar er det betalt 55 000 kroner eksklusiv mva for lovpålagt revisjon og 5 000 kroner eksklusiv mva for tenester utanfor revisjon.

Selskapet hadde per. 31.12.2015 23 tilsette.

Note 2 - Pensjon

Det er etablert ei ytingsbasert pensjonsordning i KLP for alle tilsette. Ordninga gjev ei definert yting i samsvar med tariffavtalen i KS Bedrift.

Det er avtalefesta AFP-ordning. For pensjoner mellom 65- 67 år er denne ordninga forsikra i KLP.

AFP frå 62 - 64 år er usikra og skal dekkast over drift.

Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Totalt er det 23 personar i ordninga.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir rekna etter linær opptening.

NRS 6 er brukt for pensjonskostnader og det er brukt korridorløsning for utrekning av pensjonskostnadane.

Arbeidsgiveravgift er behandla etter NRS 6.14C.

Noter 2016

Pensjonskostnader inkl. aga.	2016	2015
Noverdi av årets opptening	1 753 701	1 077 865
Rentekostnad	138 658	81 726
Brutto pensjonskostnad	1 892 359	1 159 591
Forventa avkastning	-99 606	-65 272
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	66 406	61 708
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	1 859 159	1 156 027
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	262 141	163 000
Resultatført aktuarielt tap (gevinst)	21 680	32 164
Resultatført planendring	0	0
Resultatført andel aktuarielt tap (gevinst) v/avk.	0	0
Resultatført andel av nettoforpliktelse v/avk.	0	0
Ekstraordinære kostnader	0	0
Resultatført pensjonskostnad	2 142 980	1 351 191
Herav resultatført aga av aktuarielt tap (gevinst)	2 679	3 975
Pensjonsforpliktning (beste estimat)	31.12.2016	31.12.2015
Brutto påløpt pensjonsforpliktning	4 754 166	3 381 762
Pensjonsmidlar	3 479 763	2 410 942
Netto forpliktning før arb.avgift	1 274 403	970 820
Arbeidsgivaravgift	179 691	136 886
Netto forpliktning inkl. aga	1 454 094	1 107 706
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst(tap) ekskl.aga	-288 053	-581 394
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga	-40 616	-81 977
Ikkje resultatført planendringar	0	0
Balanseført nto forpliktning/(midlar) etter aga	1 125 425	444 335
Herav balanseført aga	139 075	54 909
Avstemming	2016	
Balanseført nto forpliktning/(midlar) UB i fjor	444 335	
Resultatført pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	2 142 980	
Aga innbetalt premie/tilskot	-180 654	
Innbetalt premie/tilskot inkl. adm	-1 281 236	
Ført mot egenkapital	0	
Ført mot egenkapital aga	0	
Balanseført nto forpliktning/(midlar) UB i år	1 125 425	
Medlemsstatus	01.01.2016	01.01.2015
Tal på aktive	23	10
Tal på oppsette	0	0
Tal på pensjonar	0	0
Gj.snittlig pensjonsgrunnlag, aktive	445 923	555 550
Gj.snittlig alder, aktive	44,04	46,51
Gj.snittlig tenestetid, aktive	2,18	2,95
Forventa gjenstående tenestetid, aktive	11,47	11,72
Forutsettingar	31.12.2016	31.12.2015
Diskonteringsrente	2,70 %	2,70 %
Lønsvekst	2,50 %	2,50 %
G-regulering	2,25 %	2,25 %
Pensjonsregulering	1,48 %	1,48 %
Forventa avkastning	3,30 %	3,30 %
Agasats	14,10 %	14,10 %
Amortiseringsstid	15	15
Korridorstorleik	1,00 %	10,00 %

Note 3 - Segment rapport

	Politisk styring		Slam		Næring		Hushaldrenovasjon		ARIM	
	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015
DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER										
Driftsinntekter										
Driftsinntekter	0	269 425	16 183 214	10 311 935	15 864 687	15 318 986	83 813 904	79 954 961	115 861 805	105 855 306
Sum driftsinntekter	0	269 425	16 183 214	10 311 935	15 864 687	15 318 986	83 813 904	79 954 961	115 861 805	105 855 306
Driftskostnader										
Varekostnader	0	0	11 558 032	7 234 930	7 232 080	7 833 538	53 943 359	56 347 312	72 733 471	71 415 780
Len, honorar, arbeidsgivaravgift	0	266 880	2 057 115	1 774 251	3 349 149	2 523 716	10 504 077	9 082 167	15 910 340	13 647 014
Avskrivning	0	0	70 859	77 145	135 799	111 769	1 446 906	1 256 430	1 653 564	1 445 343
Andre kostnader	0	2 547	1 035 256	1 067 914	2 263 648	1 547 841	13 344 486	12 246 195	16 643 390	14 864 497
Sum driftskostnader	0	269 427	14 721 262	10 154 240	12 980 676	12 016 863	79 238 828	78 932 103	106 940 766	101 372 634
Driftsresultat	0	-2	1 461 953	157 694	2 884 011	3 302 122	4 575 076	1 022 858	8 921 039	4 482 672
FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER										
Renteinntekter	0	0	149 323	148 818	254 856	137 398	787 566	954 923	1 191 746	1 241 139
Rentekostnader	0	0	1 879	1 540	16 389	12 603	175 611	125 004	193 879	139 147
Ordinært resultat	0	-2	1 609 397	304 972	3 122 478	3 426 918	5 187 031	1 852 777	9 918 906	5 584 664
Skattar	0	0	0	0	784 199	925 730	0	0	784 199	925 730
ARSRESULTAT	0	-2	1 609 397	304 972	2 338 279	2 501 188	5 187 031	1 852 777	9 134 707	4 658 934
Disponering av årets resultat										
Overført til annan egenkapital			91 942		2 338 279		482 701		2 912 923	3 338 602
Overført til bundne fond			1 517 454	205 066			4 704 330	1 115 266	6 221 784	1 320 332

Segmentrapporten for slam og hushald er basert på regnskapsreglene. Overføring til utjamningsfond og sjølvkostfond er basert på utrekna av sjølvkost ved bruk av kalkulatoriske renter.

Frå og med 2016 er det kommunene sjølve som dekker kostnader til politisk styring (representantskap):

Overføringa til bundne fond inneheld kalkulatorisk rente på fonda.

Alle inntekter og kostnader blir generert i ÅRIM sine eigarkommunar.

Note 4 - Anleggsmidler

	Gravemaskin	Truck	Kostemaskin	Varebil Pick up	Varebil	Stor varebil	Inventar	Innsamlings- utstyr	Innsamlings- utstyr	Innsamlings- utstyr	Programvare	Datautstyr	Inventar miljøstasjon	Sum
Innkjøpskost 1.1	570 000	59 700	0	167 500	0	689 626	539 615	6 404 196	649 119	448 414	1 084 028	1 084 028	28 815	10 641 012
Årets tilgang	0	0	170 578	0	383 237	0	77 985	912 327	47 716	0	129 105	244 037	244 037	1 974 985
Årets avgang/nedskrivning	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Akkumulert avskrivning	228 000	14 929	9 382	41 879	19 662	241 368	456 632	2 126 454	205 345	448 413	804 205	30 928	30 928	4 627 196
Bokført verdi	342 000	44 771	161 196	125 621	373 575	448 258	160 968	5 190 068	491 490	1	408 928	241 925	241 925	7 988 800
Årets avskrivning	114 000	11 944	9 382	33 504	19 662	137 924	101 755	705 135	107 472	47 511	337 229	28 046	28 046	1 653 564
Herav nedskrivning	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Avskrivningsaats	20 %	20 %	20 %	20 %	20 %	20 %	20 %	10 %	10 %	20 %	30 %	20 %	20 %	20 %
Økonomisk levetid	5 år	5 år	5 år	5 år	5 år	5 år	5 år	10 år	10 år	5 år	3 år	5 år	5 år	5 år

Noter 2016

Note 5 - Leigeavtaler

Maskiner og utstyr	Årleg leige	Leige kontrakt blir avslutta
Komprimatorar for plast, 4 stk	174 416	18.07.2020
Kontormaskiner	24 156	31.12.2018
Betalingsterminalar	83 160	Løpande
Sikkerhetsbokser (Elretur)	52 800	Løpande
Personbil	81 348	01.11.2018
Sum	415 880	

Lokaler og eigedom	Årleg leige	Leige kontrakt blir avslutta
Langelandsvegen 1	600 368	28.02.2018
Returpunkt i Ålesund	350 000	31.12.2019
Bingsa, dunklager	200 000	Løpande
Bingsa miljøstasjon	900 000	Løpande
Nøsa miljøstasjon	50 000	Løpande
Djupøyna miljøstasjon	350 000	31.12.2019
Brevika miljøstasjon og slambehandlingsanlegg	60 000	01.01.2019
Gjøsdneset miljøstasjon og Gjøsdmyrane slambehandlingsanlegg	250 000	01.01.2019
Sjøholtstrand miljøstasjon	242 350	31.12.2018
Øveråslia miljøstasjon	450 000	01.01.2020
Jarnes miljøstasjon	726 480	30.06.2025
Blindheim Industriveg 4, lager	268 750	31.12.2017
Sum	4 447 948	

Note 6 - Kundefordringar

Kundefordringar: kommunar	145 664
Kundefordringar: hushaldskundar	181 847
Kundefordringar: næringskundar	2 262 354
Avsetting tap på fordringar	0
Sum kundefordringar	2 589 865

Note 7 - Bankinnskot

Herav bundne bankinnskot 629 876 kroner.

Selskapet har ikkje inngått avtale om kassekreditt.

Noter 2016

Note 8 - Langsiktig gjeld

Kredittinstitusjon	Bruk	Lånetid	Type	Siste avdrag	Låneramme	Nominell rentesats	pr 31.12.2016		pr 31.12.2015	
							Lånesaldo	Forfall etter 5 år	Lånesaldo	Forfall etter 5 år
Kommunalbanken AS	Innsamlingsutstyr	10 år	Serialån	31.01.2023	1 700 000	1,70 %	1 105 000	255 000	1 275 000	425 000
Kommunalbanken AS	Innsamlingsutstyr og inventar	10 år	Serialån	11.09.2023	2 300 000	1,70 %	1 610 000	460 000	1 840 000	690 000
Kommunalbanken AS	Innsamlingsutstyr og datautstyr	10 år	Serialån	03.06.2024	3 300 000	1,70 %	2 475 000	825 000	2 805 000	1 155 000
Kommunalbanken AS	Innsamlingsutstyr og datautstyr	10 år	Serialån	01.10.2025	6 440 000	1,70 %	5 796 000	2 576 000	6 440 000	3 220 000
							10 986 000	4 116 000	12 360 000	5 490 000

Selskapet tok opp eit lån på 6440 000 kroner i 2015. Det som ikkje var nytta av lånet i 2016 vil bli nytta i 2017. Dette vil skje innan vedtatt budsjetttramme.

Lån er garantert av eigarkommunane i forhold til eigardel.

Noter 2016

Note 9 - Skatt

Året sin skattekostnad blir fordelt på:	2 016	2 015
Betalbar skatt	812 724	929 500
Endring utsett skattefordel	-28 460	-3 770
For mykje/lite avsett tidligare år	-65	0
Sum skattekostnad	784 199	925 730

Berekening årets skattegrunnlag:

Resultat før skattekostnad	3 122 543	3 426 918
Resultat frå sjølvkostområde	0	0
Permanente forskjellar	995	0
Endring i midlertidige forskjellar	127 358	15 662
Årets skattegrunnlag	3 250 896	3 442 580

Oversikt over midlertidige forskjellar:

Fordringar	0	0
Anleggsmidler, forskjell mellom årets regnskapsmessige og skattemessige avskrivningar	28 980	3 785
Pensjonar	168 813	66 650
Sum	197 793	70 435
24 % utsett skatt (skattefordel)	47 470	19 010

Note 10 - Eigenkapital

	Innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Utjamningsfond	Sjølvkostfond	Sum eigenkapital
Eigenkapital 1.1	500 000	9 871 217	13 988 902	1 053 169	25 413 288
Prinsippendring 1.1	0	0	0	0	0
Årets endring av eigenkapital	0	0	0	514 152	514 152
Årsresultat	0	2 912 923	5 749 538	472 246	9 134 707
Eigenkapital 31.12	500 000	12 784 140	19 738 440	2 039 567	35 062 147

Utjamningsfond	Slam	Hushalds- renovasjon	Sum
Fond 1.1	2 360 287	11 628 616	13 988 902
Prinsippendring 1.1	0	0	0
Årsresultat	1 345 881	4 403 657	5 749 538
Fond 31.12	3 706 168	16 032 273	19 738 440

Utjamningsfond er abonnentane sine midlar. Eit overskot eller underskot skal betalast tilbake, eller krevjast inn, over ein periode på inntil 5 år. Dette blir gjort ved å justere prisen selskapet krev for dei ulike tenestene.

Fond knytt til tenester levert til abonnentane i Sandøy kommune og Skodje kommune er ikkje lenger ein del av utjamningsfondet, dette er flytta til eige sjølvkostfond.

Årim nyttar kalkulatoriske renter og setter opp sjølvkostrekneskap som i M-258 2014 Beregning av kommunale avfallsgebyr.

Årim har fram til 2015 nytta faktiske inntekter og kostnader då dette ga eit meir korrekt bilde av faktisk sjølvkost.

Kalkulatorisk rente for 2016 er 1,684 %.

Noter 2016

Sjølvcostfond Sandøy kommune	Slam	Hushald- renovasjon	Sum
Fond 1.1	128 325	224 250	352 575
Overføring av sjølvcostfond	56 349	-564 610	-508 261
Årsresultat	74 437	75 457	149 893
Fond 31.12	259 110	-264 904	-5 793

Sjølvcostfond Skodje kommune	Slam	Hushald- renovasjon	Sum
Fond 1.1	156 819	543 775	700 594
Overføring av sjølvcostfond	255 723	766 690	1 022 413
Overføring frå utjammingsfond til sjølvcostfond 31.12	97 137	225 216	322 352
Fond 31.12	509 679	1 535 681	2 045 360

Sjølvcostfond er abonnentane sine midlar. Eit overskot eller underskot skal betalast tilbake, eller krevjast inn, over ein periode på inntil 5 år. Dette blir gjort ved å justere prisen selskapet krev for dei ulike tenestene.

ÅRIM handterer sjølvcostfond for Sandøy kommune og Skodje kommune frå 1.1.2016.

I 2016 overførte Sandøy kommune og Skodje kommune sine resterande sjølvcostfond til ÅRIM.

Innskoten eigenkapital frå eigarkommunar

	Innskoten eigenkapital	Del av innskoten eigenkapital
Ålesund kommune	224 000	44,8 %
Ørskog kommune	11 500	2,3 %
Norddal kommune	9 500	1,9 %
Stranda kommune	24 500	4,9 %
Stordal kommune	5 500	1,1 %
Sykkylven kommune	40 000	8,0 %
Skodje kommune	20 000	4,0 %
Sula kommune	41 000	8,2 %
Giske kommune	36 500	7,3 %
Haram kommune	46 000	9,2 %
Vestnes kommune	34 500	6,9 %
Sandøy kommune	7 000	1,4 %
	500 000	100 %

Eigarskapen til selskapet blir justert kvart fjerde år, første gong pr. 1.1.2012. Neste gong er 1.1.2020.

Eigarforholdet blir justert i samsvar med SSB sin statistikk for folketalet ved årsskiftet.

Folketal i kommune, i prosent av folketal i alle eigarkommunane, avgjer eigardelen.

Endring i eigarskap blir ikkje handtert som ein endring i selskapsavtalen.

Kommunane er ansvarleg for selskapet sine plikter, i forhold til eigardel.

Noter 2016

Eigardel i ÅRIM	Folketal 1.1.2016	Eigardel f.o.m. 1.1.2016
Ålesund kommune	46747	45,496 %
Ørskog kommune	2310	2,248 %
Norddal kommune	1652	1,608 %
Stranda kommune	4598	4,475 %
Stordal kommune	1020	0,993 %
Sykkylven kommune	7675	7,470 %
Skodje kommune	4620	4,496 %
Sula kommune	8952	8,712 %
Giske kommune	8094	7,877 %
Haram kommune	9200	8,954 %
Vestnes kommune	6611	6,434 %
Sandøy kommune	1270	1,236 %
Sum	102 749	100 %

Alle kommunar er representerte med minst ein medlem i representantskapet.
Ved likt stemmetal har møteleiar dobbeltstemme.

Fordeling av medlemmer i representantskap:

Del av folketal	Tal på medlemmer
under 10 %	1
10-20 %	2
20-30 %	3
30-40 %	4
40-100 %	5

Administrasjonen sin rapport

	2016	Budsjett 2016	Avvik	2015
Salgsinntekter	29 904 266	14 501 285	15 402 981	20 019 046
Andre inntekter	85 957 540	97 726 560	-11 769 020	85 836 260
Sum inntekter	115 861 805	112 227 845	3 633 960	105 855 306
Varekost	72 733 471	75 001 752	-2 268 281	71 415 780
Brutto fortjeneste	43 128 334	37 226 093	5 902 241	34 439 526
Lønn og andre personalkostnader	15 910 340	16 097 128	-186 788	13 647 014
Avskrivning varige driftsmiddel	1 653 564	2 215 769	-562 205	1 445 343
Kostnader lokale	6 021 359	4 224 397	1 796 962	4 042 120
Leige maskiner og inventar	400 306	390 780	9 526	425 395
Verktøy og inventar	903 906	1 205 600	-301 694	1 017 581
Reparasjon og vedlikehold	-250 855	500 000	-750 855	801 072
Framande tenester	4 395 299	5 061 200	-665 901	3 113 833
Kontorkostnader	1 050 669	2 118 045	-1 067 376	1 739 154
Telefon, frakt og porto	566 870	924 200	-357 330	776 374
Kostnader transport	461 845	310 500	151 345	335 269
Reise og diett	403 871	324 000	79 871	225 948
Salg, reklame og representasjon	2 261 381	2 169 000	92 381	1 717 433
Kontigentar og gaver	192 559	463 650	-271 091	563 925
Forsikringar og garantiar	147 634	126 000	21 634	62 847
Andre kostnader	88 547	115 500	-26 953	43 545
Tap m.m.		0	0	
Sum driftskostnader	34 207 295	36 245 769	-2 038 474	29 956 854
Driftsresultat	8 921 039	980 324	7 940 715	4 482 672
Finansinntekter	1 191 746	400 000	791 746	1 241 139
Finanskostnader	193 879	234 428	-40 549	139 147
Netto finanspostar	997 867	165 572	832 295	1 101 992
Resultat før skatt	9 918 906	1 145 896	8 773 010	5 584 664
Skattekostnader	784 199	236 311	547 888	925 730
Resultat etter skatt	9 134 707	909 585	8 225 122	4 658 934

Tala er satt opp på samme måte som økonomiplan for perioda 2016-2019.

Eigenkapital

Kommunane sin berekna del av eigenkapitalen i selskapet
(inskoten og annan eigenkapital)

Eigar kommune	Eigardel f.o.m. 1.1.2016	Del av eigenkapitalen
Ålesund kommune	45,496 %	6 043 793
Ørskog kommune	2,248 %	298 654
Norddal kommune	1,608 %	213 583
Stranda kommune	4,475 %	594 463
Stordal kommune	0,993 %	131 873
Sykkylven kommune	7,470 %	992 280
Skodje kommune	4,496 %	597 307
Sula kommune	8,712 %	1 157 380
Giske kommune	7,877 %	1 046 451
Haram kommune	8,954 %	1 189 443
Vestnes kommune	6,434 %	854 718
Sandøy kommune	1,236 %	164 195
Sum	100 %	13 284 140

Innskoten og annan eigenkapital er fordelt etter eigardel.

Utjamningsfond er fordelt etter andel av basisinntekt.

Basis inntekt er: Antall abonnentar med ein type abonnement multiplisert med basispris for abonnementet.

Basispris er pris utan ekstratenester. Dvs. utan forbrenning, henteavtand og liknande.

For slam er det tatt hensyn til basisabonnement sin tømmefrekvens.

ÅRIM tok over totalansvaret for renovasjon og slamtenesta i Sandøy 1. juli 2014 og Skodje 1. januar 2016.

Sandøy kommune og Skodje kommune er derfor ikkje lengre del av utjamningsfond.

ÅRIM handterer sjølvkostfond for desse to kommunen.

Sjølvkostrekneskap 2016

	2016		2015	
	Renovasjon	Slam	Renovasjon	Slam
Inntekter	83 813 904	16 183 214	79 954 961	10 311 935
Driftskostnader	77 791 922	14 650 403	77 675 673	10 077 095
Finansposter korrigering	0	0	0	0
Direkte driftskostnader	77 791 922	14 650 403	77 675 673	10 077 095
Avskrivings kostnad	1 446 906	70 859	1 256 430	77 145
Kalkulatorisk rente	117 042	1 345	135 062	1 487
Direkte kapital kostnader	1 563 948	72 204	1 391 492	78 632
Indirekte kostnader	0	0	0	0
Driftskostnader	1 563 948	72 204	1 391 492	78 632
+/- tap ved salg/utrangering	0	0	0	0
Resultat	4 458 034	1 460 607	887 796	156 208
Kostnadsdekning	105,6 %	109,9 %	101,1 %	101,5 %
Utjamningsfondfond 1.1.	11 628 616	2 360 287	11 076 606	2 321 987
Sjølvkostfond 1.1.	768 025	285 145	204 770	118 379
Bruk/avsetning utjamningsfond	4 172 697	1 295 228	872 437	148 631
Bruk/avsetning sjølvkostfond	285 336	165 379	15 359	7 576
Overføring av sjølvkostfond	202 080	312 072		
+/- kalkulert renteinntekt/kostnad utjamningsfond	230 960	50 653	223 349	46 488
+/- kalkulert renteinntekt/kostnad sjølvkost	15 336	6 194	4 122	2 370
Utjamningsfondfond 31.12.*			12 172 391	2 517 107
Sjølvkostfond 31.12.*			224 250	128 325
Utjamningsfondfond 31.12.	16 032 273	3 706 168	11 628 616	2 360 287
Sjølvkostfond 31.12.	1 270 778	768 790	768 025	285 145
Endring utjamningsfond	4 403 656	1 345 881		
Endring sjølvkostfond (utan overføring)	300 673	171 573		
Endring sum (utan overføring)	4 704 329	1 517 454		

* Før overføring av utjamningsfond for Skodje kommune til Sjølvkost fond i 2015.
Kalkylerente 2016 er 1,684 %.

Bundne fond Renovasjon

	Andel av basis kost		Årets resultat		Utjamningsfond		Sjølvkostfond	
	31.12.2015	31.12.2016	Årets resultat	Utjamningsfond	31.12.2015	31.12.2016	Overført 2016	31.12.2016
Ålesund kommune	43,45 %	44,07 %	2 073 490		5 382 253	7 455 743		
Ørskog kommune	2,77 %	2,57 %	121 102		343 054	464 156		
Norddal kommune	2,35 %	2,17 %	101 965		290 497	392 462		
Stranda kommune	5,02 %	4,65 %	218 870		621 945	840 815		
Stordal kommune	1,65 %	1,46 %	68 870		203 987	272 857		
Sykkylven kommune	7,33 %	7,08 %	332 914		908 168	1 241 081		
Skodje kommune	4,39 %	4,79 %		225 216			543 775	1 535 681
Sula kommune	8,14 %	8,07 %	379 752		1 008 353	1 388 105		
Giske kommune	7,22 %	7,23 %	340 032		894 270	1 234 302		
Haram kommune	9,24 %	9,16 %	431 047		1 143 977	1 575 024		
Vestnes kommune	6,72 %	7,13 %	335 613		832 113	1 167 726		
Sandøy kommune	1,73 %	1,61 %		75 457				
ÅRIM	100,0 %	100,0 %	4 704 329	4 403 656	11 628 616	16 032 272	224 250	-264 903
							768 025	1 270 778

Utjamningsfond fordeles pr. kommune basert på andel av totalt basis kostnad i ÅRIM.

Basis kost er antall abonnenter * basis pris.

Basis pris er pris uten forbrenning, henteavstand og andre tilleggs tjenester.

Antall abonnenter er antallet pr type abonnement (140L, samarbeid, 240L, etc)

Skodje kommune og Sandøy kommune har overført sine sjølvkostfond til ÅRIM. Dei har ikkje lenger egne fond.

Bundne fond slam

	Andel av basis kost		Årets resultat		Utjamningsfond		Sjølvkostfond	
	31.12.2015	31.12.2016	Årets resultat	Utjamningsfond	31.12.2015	31.12.2016	Overført 2016	42 735,00
Ålesund kommune	9,2 %	9,5 %	143 525		244 131	387 656		
Ørskog kommune	2,7 %	2,8 %	41 751		72 256	114 008		
Norddal kommune	7,3 %	6,9 %	105 296		194 455	299 751		
Stranda kommune	5,0 %	5,3 %	80 241		133 356	213 596		
Stordal kommune	2,7 %	2,0 %	30 944		70 663	101 606		
Sykkylven kommune	18,4 %	18,9 %	286 375		489 590	775 965		
Skodje kommune	6,3 %	6,4 %		97 137			156 820	509 680
Sula kommune	3,5 %	2,9 %	44 717		92 180	136 897		
Giske kommune	5,9 %	5,8 %	87 853		157 264	245 117		
Haram kommune	23,3 %	24,0 %	364 268		620 024	984 291		
Vestnes kommune	10,8 %	10,6 %	160 912		286 369	447 281		
Sandøy kommune	4,9 %	4,9 %		74 437				
ÅRIM	100,00 %	100,0 %	1 517 454	1 345 881	2 360 287	3 706 168	128 325	259 110
							285 145	768 790

Utjamningsfond fordeles pr. kommune basert på andel av totalt basis kostnad i ÅRIM.

Basis kost er antall registrerte anlegg * basis pris for tømming fra ÅRIM.

Basis pris er pris uten TIP (tank ikkje påvist) og andre tilleggs tjenester.

Ett anlegg kan ha fleire abonnentar knytt til anlegget.

Skodje kommune og Sandøy kommune har overført sine sjølvkostfond til ÅRIM. Dei har ikkje lenger egne fond.

Sjølvkost balanse

Fordeling av balanse ihht selvkostveileder					
	Hushald	Slam	Næring	Ikkje fordelt	Sum
EIGEDELAR					
Anleggsmidler					
Utsett skattefordel	0	0	47 470	0	47 470
Driftsløysere, inventar	6 950 256	79 888	958 656	0	7 988 800
Eigenkapitaltilskot KLP	0	0	0	19 461	19 461
Omløpsmidlar					
Fordringar					
Kundefordringar	160 313	21 496	2 408 056	0	2 589 865
Opptente ikkje fakturerte inntekter	1 699 974	653 802	2 025 343	0	4 379 119
Tilgode meirverdiavgift	4 609 573	393 500	618 357	0	5 621 430
Andre kortsiktige fordringar	156 300	30 786	49 732	0	236 818
Sum fordringar	6 626 159	1 099 585	5 101 488	0	12 827 232
Bankinnskot	34 142 325	7 097 236	11 116 091	0	52 355 652
Bankinnskot, unytta lån	0	0	0	2 997 200	2 997 200
Bankinnskot skattetrekk	415 718	81 884	132 274	0	629 876
SUM EIGEDELAR	48 134 459	8 358 593	17 355 979	3 016 661	76 865 691
EIGENKAPITAL OG GJELD					
Eigenkapital					
Innskoten egenkapital	0	0	0	500 000	500 000
Annan egenkapital	1 220 212	191 848	11 372 080		12 784 140
Utjamningsfond	16 032 273	3 706 167			19 738 440
Sjølvkostfond	1 270 778	768 790			2 039 567
Sum egenkapital	18 523 263	4 666 805	11 372 080	500 000	35 062 147
Avsetning forpliktingar					
Pensjonsforpliktelse	0	0	0	1 125 425	1 125 425
Gjeld					
Lån Kommunalbanken	6 950 256	79 888	958 656	2 997 200	10 986 000
Kortsiktig gjeld					
Leverandørgjeld	16 771 749	1 200 323	2 511 256	0	20 483 328
Betalbar skatt	0	0	812 724	0	812 724
Førskot frå kundar	0	0	80 000	0	80 000
Offentlige avgifter	610 463	120 243	194 238	0	924 944
Påløpne honorar og feriepenger	1 142 921	225 121	363 657	0	1 731 698
Påløpt rente	39 468	436	3 665	0	43 569
Annan kortsiktig gjeld	4 371 944	115 967	1 127 945	0	5 615 856
Sum kortsiktig gjeld	22 936 545	1 662 090	5 093 484	0	29 692 119
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	48 410 064	6 408 783	17 424 220	4 622 625	76 865 691

Splitting av balansen i sjølvkost og ikkje sjølvkost:

Balansen fordelt per teneste er estimert. I henhold til veileder for "Beregning av kommunale avfallsgebyr" kapittel 2.3.2 skal det utarbeidast separat rekneskap både for resultat og balanse. Balansen kan avgrensast til netto sysselsatt kapital, dvs. drifts- og anleggsmidler, samt arbeidskapital. Dette inneber at pensjonsforpliktelsar og eventuelt utsatt skatt, dersom virksomheita er innanfor skatteplikt på dette området, kan haldast utanfor. Investeringar og lån blir fordelt etter nøkkel i det året posten oppstod. Postar som ikkje kan spesifiserast, men det må nyttast nøklar på, er den nøkkelen som ÅRIM meiner gjev et best bilete nytta. Postar som kam fordelast utan bruk av nøklar er fordelt direkte. Balansen for dei ulike tenestene vil derfor ikkje nødvendigvis stemme for kvar teneste.